



Gamalt hus i Sunnfjord måla av Magnus Sæle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I kveld opna kulturfestivalen på Husnes med den storslagne utstillinga som har samla 39 utstillarar og 77 bidrag..

Uskedalen er representert ved Gaute Haugland, Camilla Myklehust og Magnus Sæle.


Gaute har også laga festivalen sin logo. Magnus, som bur på Korsnes, fyller 80 år 14. februar og er den eldste utstillaren.



Stilleben måla av Magnus Sæle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han presenterar to måleri i biblioteket - det eine er eit stilleben og det andre eit landskap - med ei gammalt hus frå Sunnfjord i fokus.

At huset er frå Sunnfjord er ikkje tilfeldig, for Magnus er sunnfjording og kjem frå Bygstad. Han har vore møbelsnikkar, utdanna i Bergen, og kom til Uskedalen i 1959.



uskedelingen Magnus Sæle er eldste utstillar på Husnes. Søndag fyllar han 80. (Foto: Ola Matti Mathisen)!

Magnus har teikna og måla gjennom heile livet og har også sett spor etter seg med meir enn eigen produksjon. I 1990 tok han initiativet til å danna eit kunstlag for Kvinnherad og sat som leiar for dette det meste av tida fram til 2003. Mot slutten hadde det så mange som 42 medlemmer -frå Halsnøy til Rosendal. Men no ligg det i dvale, fortel Magnus til uskedalen.no

Han var naturleg nok på plass då festivalen og utstillinga opna i biblioteket i kveld.

Av Ola Matti Mathisen